

BESTANDSPLAN

HJORT



Ytre Gulen Hjortevald
2014 - 2016

INNHALDSLISTE

DEL 1. INNLEIING.....	.3
1.1 Planområde.....	.3
1.2 Planperiode.....	.3
1.3 Hovudmål og delmål.....	.3
DEL 2. STATUS OG VURDERINGAR	
2.1 Hjortestammås utbreisle og trekkforhold.....	.3
2.2 Beiteskader.....	.3
2.3 Statistikk.....	.4
2.3.1 Felling i førre bestandsplanperiode.....	.4
2.3.2 Sett hjort.....	.5
2.3.3 Vurdering av status i bestanden.....	.6
2.3.4 Måloppnåing i førre bestandsplanperiode.....	.6
DEL 3. HANDLINGSDEL	
3.1 Avskytning.....	.7
3.2 Felling av skadedyr.....	.7
3.3 Sett hjort7
3.4 Skrapdyr.....	.7
DEL 4. DRIFT	
4.1 Utgifter.....	.8
4.2 Ettersøksavtaler.....	.8
DEL 5. AVSKYTINGSPLAN8

DEL 1.

INNLEIING

1.1 Planområde

Valdet sitt område er avgrensa slik:

Storenes, Lid/Rørtveit, Vassvik, Ånneland, Nappen, Søre Mjømna, Mjømna Nord, Bremnes, Byrknesøy og Grima.

Storvaldet sitt teljande areal er på 47093 dekar

Medlemlar

Det er kvar enkelt grunneigar (jaktrettshavar) som er medlem i valdet. Den einskilde grunneigar er suveren i høve til sin jaktrett (*Viltl. §27. Grunneigarretten*)

1.2 Planperiode

Lovverket legg opp til at det kan godkjennast maksimalt 5- års planar. I vårt høve lagar vi ein plan på tre år.

Denne planen gjeld for 2014 - 2016. Planen skal reviderast før årsmøtet i 2016.

1.3 Hovudmål og delmål

Valdet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god kjønns- og aldersfordeling og med passande stammestørleik i høve til leveområdet si bæreevne (beitetilgang) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemد.

For inneverande planperiode har ein følgjande delmål:

- Stabilisere bestanden i tal på noverande nivå
- Reduksjon i bestanden i enkelte område med hardt beitepress
- Halde fram med relativt stort uttak av unge dyr.
- Auke vektene på dyra på sikt
- Auke delen bukkar i bestanden

DEL 2.

STATUS OG VURDERINGAR

2.1 Hjorteviltstammen si utbreiing og trekksforhold.

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekker utbreiing og trekktihøve i forbindelse med øyane som ligg inne i Ytre Gulen Hjortevald. Det er likevel på det reine at det er flyt av dyr mellom øyane og mellom fastlandet og øyane. Dyra har lag til å trekke vekk frå dei ytre områda om vinteren og samlast lenger inne i valdet.

2.2 Beiteskader.

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekker problem knytt til beiteskader anten på skog eller innmark. Det er likevel på det reine at det lokalt kan vere beiteskader. Dette er noko storvaldet skal sjå nærrare på om problemet vert større. Problem med beiteskadar, er større i enkelte delar av storvaldet enn i andre. Det er størst der det er god eng og der det er edelgran /skog

2.3 Statistikk

Dei viktigaste kjeldene vi har som bakgrunnsmateriale i bestandsplanarbeidet er fellingstal, Sett Hjort-registreringar og beståndplanen frå den førre bestandsplanperioden.

2.3.1 Felling i førre bestandplanperiode

I planperioden 2011 til og med 2013 vart det i Ytre Gulen hjortevald felt 151 dyr av totalt 162 tildelte løyve. Dette gjev ein fellingsprosent på 93,2 % i planperioden. Det vart tildelt eit løyve pr. 999 dekar pr. år i snitt, og det vart felt eit dyr pr. 1052 dekar pr. år i snitt. Fallingsresultata er synt i tabell 1, fordelt på årstal og på kjønns- og alderskategoriar.

Tabell 1. Syner fallingsresultata for Ytre Gulen hjortevald i planperioden 2011 – 2013. Kjelde: NG

År	Kalv		Kolle		Bukk	Eldre		Sum fellte
	ho	Kalv ha	1,5	1,5	ko	Eldre bu		
Tildelt plan	16	16	33	32	33	32	162	
2011	5	4	16	8	11	8	52	
2012	4	7	11	10	7	7	46	
2013	6	3	11	7	15	11	53	
Sum	15	14	38	25	33	26	151	
% felt av tildelt	93,8	87,5	115,2	78,1	100	81,3	93,2	
Rest	1	2	-5	7	0	6	11	

Av dei dyra som er skotne, er det 86 hodyr. Det utgjer ca. 57 % og det er teke mest unge dyr. Det er gunstig med tanke på å auke gjennomsnittalderen og slaktevektene. Beståndplanen frå sist periode enda med overvekt av hanndyr og eldre dyr. Ein har difor teke seg inn att i denne perioden.

2.3.2 Sett hjort

Sett hjort-systemet er kanskje det beste verktøyet vi har til å overvake ein hjortebestand. Systemet baserer seg på observasjonar av levande hjort, og er derfor ikkje påverka av tildeling eller avskytingsregime.

Utan at det kan seiast med stor sikkerheit, er det framleis mykje som tyder på at det er mange koller utan kalv. Det skulle tilsei at vi framleis bør ta ut overvekt av unge hodyr.

Sett hjort blir nok ikkje sikkert nok på eit så lite areal, men det er i grunnen tydeleg skilnad mellom Gulen totalt og Ytre Gulen Hjortevald.

2.3.3 Vurdering av status i bestanden

Ytre Gulen Hjortevald legg til grunn at bestanden er rimeleg stabil. Det stemmer og overeins med oppfatninga til grunneigarar og jegerar i storvaldet. Kjønnsbalansen er ganske god og godt innanfor det vi reknar som normalt.

Det er truleg mange unge koller i bestanden. Grunnlaget for å seie det, er at det vert sett færre kalvar pr kolle her enn i Gulen elles. Det tyder på at mange unge koller ikkje har kalv fyrste året. Difor er det fornuftig å halde fram med eit høgt uttak av unge dyr slik at dei som er att kalvar til rett tid. Slaktevektene vil på sikt auke.

2.3.4. Måloppnåing i førre bestandsplanperiode

Tabell 2 syner korleis avskytingsplanen var sett opp i førre planperiode, og i kva grad planen vart fylgt i den reelle avskytinga

Tabell 2. Måloppnåing i høve til avskytingsplan i førre bestandsplanperiode

Kjelde: Hjortevitregisteret og førres bestandplan

Kategori	plan	felling	oppnådd?
Kalv	min 20 %	19,2	ja
Ungdyr	min 40%	41,7	ja
Eldre kolle	maks 20%	21,8	ja
Eldre bukk	maks 20 %	17,2	ja

Dette er ei avskyting som vi skal vere godt nøgde med. Vi har klart å ta ut nok ungdyr i høve til planen og nok eldre koller. Samstundes har vi redusert uttaket av eldre bukk, der tok vi for mykje i førre plan. Skal vi i eit vald med relativt små jaktfelt klare å få til ei presis avskyting i høve til plan, er relativt opne grenser mellom jaktfelta viktig. Det er fort gjort å drive alle dyra ut av eit lite felt, eller at det ikkje let seg gjer å finne rett dyr ifeltet.

DEL 3. HANDLINGSDEL

3.1 Avskyting

Ytre Gulen hjortevald har som mål å stabilisere stammen, samt å redusere den enkelte stader. Prøve å redusere skadeomfanget ved å felle meir dyr på plassar dei gjer skade på jord og skog. Stå for haldningar om forvaltning som gjer at jaktfelta har mest å tene på samarbeid.

Storvaldet legg derfor opp til ei tildeling på 47 løyver per år, noko som betyr 141 løyver totalt i planperioden på tre år. Med den tildelinga vil det vere eit løyve per år per 1001 dekar teljande areal i storvaldet.

Med mål om stabilisering, og enkelte stader reduksjon av bestanden, vil det vere naturleg å halde fram med å skyte overvekt av ungdyr og kalvar. Dette vil og kunne vere med på å auke alderen i bestanden; og då i tillegg vere med på å auke kalveproduksjonen. Ein vil og kunne få ein meir robust og stamme som er ”lettare” å forvalte. For å oppnå dette, bør hovudtyngda av uttaket vere i form av ungdyr og kalv, og dei til saman bør utgjere minst 65 % av uttaket.

Hanndyruttaket bør ikkje vere over 50 %, slik at ein opprettheld ein god kjønnsbalanse.

Framlegg til fordeling av løyva vert då som følgjer:

Minimum 25 % kalv, minimum 45 % ungdyr (50% hann og 50% ho), maksimum 15 % eldre koller og maksimum 15 % eldre bukk

Koller bør ikkje skytast frå kalven, og jaktleiaren har ansvaret for jakta i dei ulike jaktfelta.

3.2 Felling av skadedyr

Felling av skadedyr handterast av dei einskilde jaktfeltet, og felte skadedyr skal takast på jaktfeltet si kvote. Ved større skadeproblem legg ein i denne planperioden opp til å ha eit aktivt samarbeid med kommunen med sikt på å finne løysingar dersom slike problem skulle oppstå. Skadeløyve utanom jakttida må ein søkje kommunen om.

3.3 Sett – hjort

Ein har drive med «sett-hjort»-registreringar sidan 2003. For at desse tala skal bli så truverdige som mogleg, er det viktig at ein jobbar for full oppslutnad frå alle felt i laget. Jaktfelta har ansvar for at føringa av skjema er tilfredsstillande. Desse tinga er viktige for å få ein god kunnskap om dei biologiske tilhøva i bestanden. For å lette arbeidet for jaktfeltsleiar og kommune, må ein legge opp til meir og meir elektronisk registrering.

3.4 Skrapdyr

Ordninga med skrapdyr held fram slik som den har fungert i førre planperiode

DEL 4. DRIFT.

4.1 Utgifter

Utgifter til drift av laget dekkjast av Ytre Gulen Hjortevald. I høve til dette, skal det arbeidast for å dekkje utgifter til drift av laget hos viltfondet i kommunen. Laget nyttar seg av dei kommunale tilskotsordningane til hjortevald.

4.2 Ettersøksavtalar

Kravet om godkjent ettersøkshund er ikkje grunneigarretta, men eit krav til jegeren. Difor skal ettersøksordningar som fungerer i dag vidareførast i tida som kjem.

DEL 5. AVSKYTNINGSPLAN 2014 - 2016

Ytre Gulen Hjortevald og Gulen kommune inngår denne bindande avtalen om avskyting av hjort for perioden frå og med 2014 til og med 2016:

- Valdet får tildelt samla kvote for planperioden på 141 dyr for dei tre åra planen gjeld for. Dette gir ei tildeling på 47 løyve per år.

- Dette kan fråvikast enkelt år med 20%. Det er sluttsummen som skal gjelde.
- Plan for avskyting og fellingsresultatet for dei tre avtaleåra er:
Minimum 25 % kalv, minimum 45 % kolle og bukk 1,5 år, maksimum 15 % eldre kolle og maksimum 15 % eldre bukk.
- Alle fellingsløyva blir tildelte som valfrie dyr frå kommunen

Elles gjeld dei plikter om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for Ytre Gulen hjortevald er.....

.....
For Ytre Gulen hjortevald

.....
For Gulen kommune